



Høyrings svar til Nasjonal Hjordteveltstrategi frå Hjordteklynga SA

Vi er ei gruppe næringsaktørar som jobbar med hjordtevelt, både tam og vill hjord, og som er i prosess med å etablere ein felle organisasjon – Hjordteklynga SA, som mellom anna skal jobbe med å betre rammene for aktørar innan næring basert på hjordtevelt.

I dei siste 8 åra er det laga mange rapportar finansiert av det offentlege, om potensialet som ligg i viltnæringa, den siste frå få i fjor av AgriAnalyse (Lyby Wærp og Bergem Sørheim, 2024). Men utan at flaskehalsane vi opplever til dagleg har fått særleg offentlig merksemd.

Utfordringane er mellom anna:

- Ustabil råvaretilgang der den svarte marknaden undergrev seriøse aktørar innan viltkjøtbransjen
- Minimal oppfølging av ulovleg omsetning av viltkjøt
- Regelverkshandtering, fleksibilitet og litt for vilkårleg skjønnsutøving hjå Mattilsynet med omsyn til etablering av anlegg og handtering og mottak av hjordtevelt
- Mangel på kunnskap blant jegerar og kommunar om viltkjøt som ressurs og korleis viltet skal handterast for å vere salgbart
- Samarbeid og samarbeidsarenaer for næringslivsaktørar
- Innovasjonskraft
- Logistikk, volum, mangel på arbeidskraft
- Ein underutvikla marknad
- Ingen offentlig statistikk over lovleg og ulovleg omsetning av hjordtevelt til forbrukar

Med bakgrunn i dette meiner vi som aktørar at det bør lagast eit eige fokusområde i hjordteveltstrategien kapittel 5, som går på å lage tiltakspakkar som er spesifikt retta mot å utvikle næringa for å auke verdiskapinga og talet på langvarige distriktsarbeidsplassar basert på ein berekraftig ressurs. Slike arbeidsplassar er det eit stort behov for i distrikta, då sentraliseringa skyt fart og effektivitetskrava i landbruket gjev seg utslag i stadig færre bønder. Arbeidsplassar basert på hjordtevelt er berekraftige, grønne arbeidsplassar, noko som er mangelvare i Noreg.



Med venleg helsing

Dysvik Hjort v/Dag Gjerde

Haugen Gardsmat v/Odd og Kristine Ohnstad

Kjell Kristian Carlsen

Norsk Hjorteavlsforeining v/ Mette Hågensen

Tveita gard v/Kjell Vidar Øglend

Kystvilt v/ Bjarte Midtbø

Marås Hjort v/Knut Marås

Vikja As v/Olav Arnar Bø

Per Gynt Hjort v/Hans Hage

Vørås gard v/Robert Vørøs

Norsk Hjortesenter v/ Jon Anders Stavang

Halstenstad hjortefarm v/ Ole Skaug

-e-sign